



SYLTANESET BEITELAG
Rossnesvegen 183
5937 BØVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

Tilsegn om tilskot til trua naturtypar 2019 - skjøtsel og vedlikehald av kystlynghei. Syltaneset i Radøy

Syltaneset beitelag får tilskot til skjøtselstiltak i Radøy kommune. Tilskotet på 12.000 kroner blir utbetalt når vi har mottatt rapport for gjennomført tiltak.

Vi viser til søknaden dykkar om 12.000 kroner til skjøtsel av verdifull kystlynghei på Syltaneset.

Fylkesmannen si vurdering og vedtak

Dei tiltaka det blir søkt om tilskot til er i samsvar med skjøtelsplan for området og skjøtelsavtale mellom brukar og Fylkesmannen i Hordaland. De har brent 29 daa med lynghei i 2018, og de skjøttar eit område på 1322 daa, og har etter avtalen rett på å få utbetalt heile beløpet de søker om.

Frå denne tilskotsposten får de dermed utbetalt kr 12.000. Midlane blir overførte til kontonummeret som var oppgjeve i søknaden når vi har mottatt sluttrapport for at arbeidet er gjennomført.

Når det gjeld naturmangfaldlova § 7 meiner Fylkesmannen at tiltaket, som har som føremål å ta vare på ein truga naturtype, ikkje har anna enn positive verknader på naturmangfaldet når det vert gjort i samsvar med skjøtelsplanen. Fylkesmannen ser difor ikkje grunn til å kommentere dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 nærare.

Krav til rapportering og rekneskapsplikt

Sluttrapport skal registrerast i elektronisk søknadssenter seinast 1. oktober 2019.

For dei som er rekneskapspliktige etter rekneskapslova, skal bilag takast vare på i minst 5 år etter avslutting av rekneskapsåret.

Riksrevisjonen og Fylkesmannen har rett til å føre tilsyn med at tilskotet vert brukt i samsvar med føresetnadene.

Tilskotet kan krevjast heilt eller delvis attende dersom det er utbetalt på feilaktige premissar.



Retten til å klage på vedtaket

Vedtaket om tilskot kan klagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal sendast via Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Johannes Anonby
seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Radøy kommune